

Kystvegkonferansen i Vanylven 18. august 2009



Vanylven kommune med ordfører Jan Helgøy i spissen, ønsket vel 100 deltakere velkommen til kystvegkonferanse 18. august. Det var representanter fra hele kyststripa Bergen – Ålesund på plass, og samferdsleminister Liv Signe Navarsete var naturlig nok heidersgjesten.

Ordføraropprop

No har det nitidige arbeidet til "Kystvegkameratane" Svein Gjelseth og Eivind Hjellum begynt å sette å frukt. Dagen før vegkonferansen var ordførere og andre representanter fra 20 kommuner og 3 fylker samla. Dei var ikkje berre samla for å diskutere veg, men dei var einige og laga eit felles opprop om kystvegen, og danna ein paraplyorganisasjon for det vidare arbeidet med kystvegen.

Eit unikt prosjekt

I følgje Liv Signe Navarsete er det dette som gjer Kystvegen til eit så unikt prosjekt. Samhandling er avgjerande for å nå fram, sa Navarsete under konferansen. – Vestlendingane må stå saman og vise Oslomakta kva verdiar vi står for her. Som på førre vegkonferanse om kystvegen oppfordra samferdsleministeren aksjonistane til å stå på. Folk i Oslo forstår ikkje kva som skjer her. Mediemakta er stor, og når ein ikkje har ein ulukkesveg å vise til, er det endå vanskelegare å få media med seg. – Vi treng talføre folk, som kan stå på overfor både media og politikarane.

Vekstpotensiale og ståpåvilje

Fylkesvaraordfører i Sogn og Fjordane Tor Bremer, meinte at ein i presentasjonen av kystvegen burde vise fram heile Europakartet. Det bur ikkje så mange menneske langs kysten, men her er eit vekstpotensiale som er rangert på 6. plass i Europasamanheng. Kystvegen er avgjerande for å hente ut dette potensialet, og vi vil stå på for å få dette på plass.

Fylkesvaraordføreren i Møre og Romsdal la vekt på ståpåvilje og god dialog for å få ein god prosess fram mot målet. - Her må vi ha folk som står tidleg opp og går seint i seng, sa Svein Atle Roseth. – Vi må synleggjere verdiskapinga og ikkje minst mentaliteten vi innehar, som mange misunner oss, sa ordførar i Ålesund Bjørn Tømmerdal. Vi er slagkraftige fordi vi jobbar saman.

Sagt på kystvegkonferansen 2009:

Per Sævik, Havyard:

Vi vil alt – og det er alt vi vil!

Veg er det viktigaste, i lag med folk som brettar opp armene og bedrifter med lokal forankring.

Verdiskapinga skjer på vestsida av R39.

Rolf Kleiven og Rolf Losnegård, Dalsfjordbrua:

Det er ikkje nok med metall og kraft, men at ein endrar menneska sin måte å tenkje på

Vi må bryte med kranglekulturen og ikkje snakke negativt om andre prosjekt, men bruke kreative og positive aksjonar som berører menneska og politikarane.

Politisk semje er avgjerande

Dei 3 viktigaste tinga er SAMHALD, SAMHALD og SAMHALD!

Bendiks H. Arnesen, Stortinget:

God samferdsle styrkjer den gullgruva som kysten er

Stad Skipstunnel er ei nasjonal sak

Ver på vakt og ver på hugget, og følg opp alle vedtak

Samarbeid lokalt og hold Storting og ansvarleg komité løpande orientert

Liv Signe Navarsete, Samferdsleminister:

Samferdsle er grunnlaget for vekst – for alle, anten vegen fører til barnehagen, skulen, arbeidsplassen, sjukehuset, gamleheimen eller er transportåra til store trailerar.

Vekstpotensiale ligg på kysten i

- marine næringar
- framtidig fornybar kraftproduksjon
- notidas energi med olje og gass
- anna industri

Frå 2010 får fylka ei stor oppgåve, når dei overtek ansvaret for alle riksvegane, utanom stamvegnettet.

Ein må sjå areal-, miljø- og transportpolitikk i samanheng. Fylket har større fridom i finansieringsmåte, og kan få mykje høgare aktivitet utav dei løyvde midlane

Med den nye organisasjonen for kystvegen er ein i gong. No er det viktig med tydelege røyster.

Kystvegkonferansen 2008

Det vart arrangert kystvegkonferanse i Florø 10. oktober 2008. Kystvegen vart presentert av og for politikarar, næringsliv og andre interesserte. Samferdsleminister Liv Signe Navarsete hadde sett av dagen for å delta på konferansen.

Sagt på Kystvegkonferansen:

Arve Helle styreleiar i HAFS regionråd:

Det viktige er at vi står

skulder ved skulder frå Bergen til Ålesund. Jørgen Amdam Høgskulerektor Volda:

- kvar er det blitt av galskapen? Vi må tore å satse stort på veg og industri om vi skal få vekst.
- vi må kleppe tak i 25-35 åringane i krisetider, for då ser dei verdien av å bu nær middagsgryta til mor, og at det er rimelegare å bu ute i distrikta
- veg gir tilkomst til større regionsenter – bruktmarked ...

Arvid Andenes Banksjef Spb S&Fj:

- vi må sjå på generasjonsperspektivet og bruke realinvesteringar i nedgangstider
- vi må ta fleire private initiativ, og satse på bompengar for å vise kor viktig dette er for oss
- vi lever i skjebnefellesskap og må stå saman.

Liv Signe Navarsete Samferdsleminister og partileiar Senterpartiet:

- vi må tore å løfte fram nokre saker, og ha visjonar
- når de løftar i flokk løftar de heile regionen
- Kystvegen er ein motor for vekst framover
- det finst uforløyst potensiale som kan løysast med kystvegen
- kvar er NHO i Sogn og Fjordane og Hordaland. Eg treng høge og tydelege røyster som snakkar for utkantvegane.
Legg ein strategi og gjer det fort.
- sjansane for å komme fram i køa aukar med bompengeprojekt
- kystvegen høyrer til dei øvrige riksvegane som blir overført til fylket frå 2010, det vil sei at fylket bestemmer, fylkeskommunen blir nøkkelen og fylket prioriterar, medan samferdsle- og kommunalministeren gir rammene.
- Samferdsle er velferd – vi treng samferdsle for å komme til skule, barnehage, arbeidsplass, gamleheimen...
- me skal setje nye djerpe mål – kystvegen er viktig her – så bruk stemmene og spel på same lag